



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets President
Stortinget
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/2014-2

10. oktober 2018

Spørsmål nr. 45 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Heidi Greni til samferdselsminister Jon Georg Dale

Spørsmål:

Har Widerøe fulgt opp sine kontraktsforpliktelser, og hvilke tiltak vil statsråden sette i verk for å forbedre regulariteten for de reisende?

Svar:

Regjeringa er oppteken av at dei regionale innanlandske flyrutene i Noreg skal ha god regularitet. Derfor set vi krav til regulariteten i kontraktane staten har med flyselskapa innafor ordninga med forplikting til offentleg tenesteyting (FOT).

I dei gjeldande kontraktane mellom Samferdsledepartementet og operatørane om FOT-rutene er det krav til minimum 98,5 prosent regularitet på flyrutene og 97,5 prosent for helikopterruta. Dersom talet på kanselleringar av grunnar som operatøren kunne ha unngått ved å treffe alle rimelege tiltak, overstig 1,5 (2,5) prosent av det oppsette talet på flygingar i ruteprogrammet, får han ikkje kompensasjon for den delen av kanselleringane som overstig 1,5 (2,5) prosent.

Dersom regulariteten fell under det nemnte regularitetskravet, vil operatørane bli trekte i kompensasjon. Det inneber at dersom regulariteten til dømes er 98,4 prosent på ei flyrute, vil dette gje eit trekk på 0,1 prosent av samla kompensasjonsbeløp. Er regulariteten 97 prosent på helikopterruta, vil det gje eit trekk på 0,5 prosent av samla kompensasjonsbeløp. Dette skal gje insentiv for operatørane til å oppretthalde høg regularitet på rutene som er omfatta

av FOT-ordninga. Trekk i tilskot grunna låg regularitet på FOT-rutene har dei siste fire driftsåra vore som følgjer (tal i kroner):

	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Nord-Noreg	6 260 069	7 326 918	5 675 127	3 411 520
Sør-Noreg	2 443 341	1 926 062	-	1 291 525
Sum	8 703 410	9 252 980	5 675 127	4 703 045

Det lågare trekket i perioden 2016-2018 skrive seg mellom anna frå ein overgang til ein modell med eit noko lågare trekk ved regularitet under 98,5 prosent. Endringa vart gjennomført for å gje betre insentiv for operatørane til å halde regulariteten oppe, også for dei ruteområda som fall under regularitetskravet. Samstundes ville endringa føre til redusert risikopåslag knytt til regularitet i tilbodet, noko som kunne redusere tilbodsprisen.

I tillegg til dei særskilte krava som gjeld for FOT-rutene, har flypassasjerar lovbestemte rettar ved forseinkingar, jf. forskrift om flypassasjerars rettigheter ved nektet ombordstigning og innstilt eller vesentlig forsinket flyging av 17. februar 2005. Passasjerane har rett på forpleiing, overnatting, refusjon av billettprisen og økonomisk kompensasjon, avhengig av lengda på flyreisa og kor stor forseinkinga er. Dette gjev òg insentiv til flyselskapa om å halde ein god regularitet på alle flygingane sine, anten det er FOT-ruter eller kommersielle ruter.

Samferdsledepartementet har vore i kontakt med Widerøe's Flyveselskap AS som opplyser at det har vore ei rekke vêr-relaterte skader denne hausten, som har sett mange fly ut av drift. Sjølv med tre reservefly har det ført til at selskapet har fått utfordringar med å få gjennomført planlagt produksjon. For å dempe konsekvensane for passasjerane må dei då jamleg omdisponere både fly og mannskap. Oslo-basen har den siste tida hatt tre fly ute av drift med nemnte tekniske problem, og det har ramma Oslo-rutene hardt. Røros har ikkje blitt prioritert ned til fordel for andre destinasjonar. Til saman har sju fly vore ute av drift i heile flåten. Widerøe legg til at selskapet er i ferd med å rekruttere fleire flygarar og kabintilsette, i tillegg til å auke flyflåten, for å bli meir robuste mot framtidige driftsforstyringar.

Vi vil i det vidare handheve regularitetskravet og krava for FOT-rutene slik at insentiva til å halde flya i drift er så sterke som råd.

Med helsing

Jon Georg Dale